

HEIMEN.

Nr. 1

Sundag 6. januar, Kristiania.

1912

Norske heimar.

Klædebunad — husbunad.

Enno ei tid kann vel dei gamle norske nationalbunaderner halde seg ved lag ute i bygdene. Men kanskje ikkje saa rett lenge heretter. Meir og meir gaar dei av bruk i kvardagslage medan dei enno vert brukte til helgedagsklæde og festbunader. Ja mange stader, der dei alt lenge har vore ute av bruk eller kanskje aldri har vore brukte, er dei ymse bygdebunader tekne oppatt til festbruk i ungdomslag, maallag o. l. Det er helst der, det norske lynne er sterkt millom folke, at dei tek seg paa tak og vil puste liv i alt det gamle norske, som held paa og skal døy.

Her og der logar det saa upp eit bil paa den gamle aaren, saa ein mest kunde tru, det var liv laga. Men ser ein grannvart til, lyt ein sanne, at her maa det nytt tilfang til, um ikkje det heile skal døy.

Det er ikkje nok, at ein bunad er *norsk*. Han maa og vera *tidhøveleg*. No er det saaleis her i lande, at skal ein ha ein *tidhøveleg* bunad, lyt ein taka han etter utanlandsk mynster. Skal ein ha ein *norsk* bunad, saa vert han ikkje *tidhøveleg*.

Dei gamle lokale bygdebunader kann vera gilde aa eige for dei bygder som har deim. Og ungdomen i desse bygder bør vara um deim og halde deim uppe saa lenge dei kann. Men ein maa hugse paa, at desse bunaderner har ikkje landsgyldugt verd. Desutan er dei reint ubrukande til daglegt bruk — iminsto for byfolk. Det er saaleis ikkje godt aa vita korleis ein skal greie seg, naar ein vil klæ seg paa norsk gjerd og endaa vera klædd som eit moderne menneskje kvar helst ein ferdast i inn- og utland. For i Norig har vi ikkje tidhøvelege norske bunader, som har landsgylligt verd. „Heimen“ vil freiste bote paa denne vandsken. Fraa tid til anna vil det koma teikningar av vene tidhøvelege kvendebunader i norsk stil.

Snart vil det koma bilæte av ein enkel og heimleg kvardagsbunad — snart ein meir straalande festbunad, der dei norske fargane kann koma til sin fulle rett.

Det skal og koma rettleiding um korleis dei skal skjerast og saumast. Og desse bunaderner skal vera saaleis, at dei kann verte brukte av *alle* norske kvende baade paa land og i by.

Liksom det er med klædebunaden — saaleis er det og med husbunad og husinnreidsle.

Det kan t. d. vera gildt aa eige nokre fine rose-maala ølbollar. Men dei er ikkje serleg hendige til aa drikke morgonkaffien utor. — Den gamle aaren var hyggjeleg aa sitja ikring dei lange vinterkveldane. Men um nokre aar er det kanskje ljonkrafta, som vermer upp i bondestovune. Og saaleis kan ein taka fyre seg det eine etter det andre. Det gamle vert for gamalt for det daglege praktiske liv. Og saa lyt ein trive til det nye og tidhøvelege anten det saa er unorsk eller norsk. Det fins ikkje krok framum.

I dette stykke og vil „Heimen“ prøve aa hjelpe etter beste evne. Det vil koma teikningar av tidhøvelege heimar i norsk stil og med rettleiding um korleis ein kann gjera heimen sin baade norsk og saa fager som raad er, paa ein enkel og billeg maate — saaleis at ein ogsaa kan gjera bruk av det i byane.

Liksom landsmaale maatte byggjast upp paa grunnlag av dei norske bygdemaala, førr vi fekk eit landsgylligt norsk maal, som heile lande kunde verte hjelpen med — saaleis maa ogsaa norskdomen i det moderne ytre kulturliv skapast paa grunnlag av den gamle norske bygdekulturen. Naar det gjeld husbunad er vi eit godt stykke lenger komme enn i klædevegen avdi fleire dugande norsklynde kunstnarar alt lenge har arbeidt i norsk leid og ymse rikfolk har gjort seg ei ære av aa gjera heimen sin norsk. Men det skulde vera maale aa faa eit land med *berre* norske heimar i alle samfundslag baade paa land og i by.

I neste nr. vil „Heimen“ koma med bilæte og rettleidingar um korleis ein mest praktisk skal laga klædebunaderner.

Z

